



RETNINGSLINJER OM BEREDSKAPSVAKT FOR EINGANE EIGEDOM OG KOMMUNALTEKNIKK I STAD KOMMUNE

Stad kommune følgjer arbeidsmiljølova og hovudtariffavtalen når det gjeld vaktordningar og utrykking. Viser til vedlegg 1, der aktuelle paragrafar frå arbeidsmiljølova og hovudtariffavtalen er vedlagt. I vedlegg 2 ligg grunnlag for utrekning av beredskapsgodtgjersle.

1. BEREDSKAPSVAKT

- a. Beredskapsvakta startar når arbeidstida sluttar ein vekedag og varer til arbeidstida startar tilsvarande dag veka etter, jf. hovudtariffavtalen kap. 1 § 4.3.2.
- b. Beredskapsvakta skal vere planlagt i arbeidsplanen.
- c. Når det er behov for å be ein tilsett om å ta ekstra beredskapsvakt grunna behov i drifta, skal dette avtalast direkte med den tilsette. Alle tilsette som går i same vaktordning får lik godtgjersle for ekstra beredskapsvakt, uavhengig av årsløn og om den ekstra beredskapsvakta er på ein vekedag eller helgedag.

2. UTRYKKING PÅ BEREDSKAPSVAKT

- a. Den som har beredskapsvakt pliktar å vere tilgjengeleg på vakttelefon/mobil til ei kvar tid. Dersom utrykking er nødvendig, skal utrykkinga skje innan ein time. Det vert utarbeidd vaktinstruks som tydeleggjer plikter knytt til beredskapsvakta, jf pkt 3.
- b. Ved utrykking ved beredskapsvakt vert utrykkingstida rekna frå oppringingstidspunktet til den tilsette er komen heim att, jf. hovudtariffavtalen kap. 1 § 4.3.2.1.
- c. Ved telefonoppringing eller alarmvarsel får arbeidstakar i beredskapsvakt same godtgjering som ved utrykking jf. hovudtariffavtalen § 4.3.2.1. Dette vert runda opp til næraste 5 minutt.

3. FELLES FOR VAKTORDNINGANE – ETABLERING AV INSTRUKS

Det skal etablerast instruksar der følgande tema vert avklarte:

- Det spesifikke innhaldet i / ansvaret for vaktordninga
- Den geografiske fordelinga av vaktområda
- Ansvarsdelinga mellom dei ulike ordningane.

4. BEREDSKAPSVAKT EIGEDOM

Beredskapsvakta ved Eigedom vert å bemanne med ein tilsett på vakt frå 01.12.2020. Det vert fire tilsette i vaktordninga. Vakta dekkjer primært dei indre delane av Stad kommune (Bryggja og austover).

5. BEREDSKAPSVAKT VATN OG AVLØP (VA)

Beredskapsvakta ved vatn og avløp vert å bemanne med ein vakt frå 01.07.2022. Det vert fire tilsette i vaktordninga. Vakta dekkjer primært dei indre delane av Stad kommune (Bryggja og austover).

6. BEREDSKAPSVAKT BRØYTING NORDFJORDEID

Vaktordninga for brøyting i Nordfjordeid sentrum vert organisert med seks tilsette. Vakta vert å bemanne med tre tilsette på vakt. Start- og sluttid for beredskapsperioden er 01.11. - 31.03. Ut over brøytinga, har vakta tilsynsansvar for veg og andre tilgrensande fagområde i beredskapsperioden.

7. FELLES TEKNISK BEREDSKAPSVAKT I YTRE

I ytre del av Stad kommune vert det organisert ei felles teknisk vaktordning. Vakta vert å bemanne med ein tilsett på vakt. Det vert fire tilsette i vaktordninga. Ordninga er felles beredskapsvakt for einingane Eigedom og Kommunalteknikk.

Nordfjordeid,



Astrid Paulsen
Kommunalsjef

Vedlegg 1:

UTDRAG FRÅ LOV- OG AVTALEVERK SOM GJELD BEREDSKAPSVAKT OG VAKT PÅ VAKTROM

ARBEIDSMILJØLOVA

§10-4. Alminnelig arbeidstid

(2) For arbeid som helt eller i det vesentlige er av passiv karakter, kan arbeidstiden forlenges med inntil halvparten av de passive periodene, men ikke med mer enn to timer i løpet av 24 timer og ti timer i løpet av sju dager. Arbeidstilsynet kan når arbeidet er særlig passivt, gi samtykke til at arbeidstiden forlenges utover det som er fastsatt i første punktum, men slik at arbeidstiden ikke overstiger 13 timer i løpet av 24 timer. Den alminnelige arbeidstiden må ikke overstige 48 timer i løpet av sju dager.

(3) For beredskapsvakt utenfor arbeidsstedet skal som hovedregel minst 1/7 av vekten regnes med i den alminnelige arbeidstid, avhengig av hvor belastende vaktordningen er. Arbeidsgiver og arbeidstakernes tillitsvalgte i virksomhet som er bundet av tariffavtale, kan ved skriftlig avtale fravike bestemmelsen i første punktum. Arbeidstilsynet kan etter krav fra arbeidsgiver eller arbeidstakernes tillitsvalgte fastsette en annen beregningsmåte dersom beregningen av arbeidstiden etter første punktum vil virke urimelig.

§ 10-8. Daglig og ukentlig arbeidsfri

(1) Arbeidstaker skal ha minst 11 timer sammenhengende arbeidsfri i løpet av 24 timer. Den arbeidsfrie perioden skal plasseres mellom to hovedarbeidsperioder.

(2) Arbeidstaker skal ha en sammenhengende arbeidsfri periode på 35 timer i løpet av sju dager.

(3) Arbeidsgiver og arbeidstakernes tillitsvalgte i virksomhet som er bundet av tariffavtale, kan skriftlig avtale unntak fra bestemmelsene i første og andre ledd. Slik avtale kan bare inngås dersom arbeidstaker sikres tilsvarende kompenserende hvileperioder eller, der dette ikke er mulig, annet passende vern. Det kan ikke avtales kortere arbeidsfri periode enn 8 timer i løpet av 24 timer eller 28 timer i løpet av sju dager. Grensen på 8 timer gjelder ikke når arbeid utover avtalt arbeidstid (jf. § 10-6 første ledd) eller arbeid ved utkalling under beredskapsvakt utenfor arbeidsstedet er nødvendig for å unngå alvorlige driftsforstyrrelser. Ved virksomhet som ikke er bundet av tariffavtale, kan arbeidsgiver og arbeidstakernes representanter på samme vilkår skriftlig avtale arbeid i den arbeidsfrie perioden, når dette er nødvendig for å unngå alvorlige driftsforstyrrelser.

HOVUDTARIFFAVTALEN

§ 4 Arbeidstid

4.3 Vaktordninger

Behovet for og omfanget av vaktordninger skal drøftes med arbeidstakernes tillitsvalgte før vaktordningen iverksettes, jf. arbeidsmiljøloven § 10-3.

Vaktplan

Vaktordningen skal innarbeides i en plan, jf. arbeidsmiljøloven §§ 10-3, 10-4 og 10-5. Arbeidstakerne plikter å delta i den vaktordning som blir etablert.

4.3.2 Beredskapsvakt utenfor arbeidsstedet - hjemmevakt

Med beredskapsvakt utenfor arbeidsstedet forstås en vaktordning der arbeidstakeren er tilgjengelig og kan varsles på den måten som arbeidsgiver finner formålstjenlig. For beredskapsvakt utenfor arbeidsstedet gjelder arbeidsmiljøloven § 10-4 (3). For øvrig vises til B-rundskriv nr. 59/92.

4.3.2.1 Underordnet vakt

Tillegg for kvelds- og nattjeneste, jf. pkt. 5.4, samt lørdags-, søndags- og helgedagsgodtgjøring, jf. pkt. 5.2 og 5.3, betales for det beregnede antall timer og endres ikke om det inntreder utrykninger som medfører aktivt arbeid.

Utrykning

Ved utrykning på vakt betales overtidsgodtgjøring for faktisk medgått tid, jf. pkt. 6.5 og 6.6. Utgifter til reise ved utrykning på hjemmevakt godtgjøres etter kommunenes reiseregulativ, når privatbil blir nytta.

§ 6 Overtid (– forskjøvet arbeidstid)

6.5 Prosenttillegg for arbeidstakere med dagarbeidstid

6.5.1 133 1/3 %

For overtidsarbeid utført på helge- og høytidsdager og påskeaften samt etter kl. 12.00 på pinse-, jul- og nyttårsaften og onsdag før skjærtorsdag.

6.5.2 100 %

1. For overtidsarbeid utført mellom kl. 21.00 og kl. 06.00. For overtidsarbeid påbegynt før kl. 06.00 som varer fram til arbeidstidens begynnelse.

2. For overtidsarbeid på lørdager og søndager.

3. For overtidsarbeid utført etter den ordinære arbeidstids slutt på dager før helgedager.

6.5.3 50 %

For overtidsarbeid utført til annen tid enn foran nevnt.

Lov om helligdager og helligdagsfred

§ 2. Helligdager

Følgende dager er helligdag:

- a) vanlige søndager,
- b) nyttårsdag (1. januar),
- c) skjærtorsdag (siste torsdag før første påskedag),
- d) langfredag (siste fredag før første påskedag),
- e) første påskedag (første søndag etter første fullmåne som inntreffer på eller etter 21. mars),
- f) annen påskedag (første mandag etter første påskedag),
- g) Kristi Himmelfartsdag (sjetten torsdag etter første påskedag),
- h) første pinsedag (sjuende søndag etter første påskedag),
- i) annen pinsedag (første mandag etter første pinsedag),
- j) første juledag (25. desember),
- k) annen juledag (26. desember).

Vedlegg 2:

Grunnlag for utrekning av beredskapsgodtgjersle i einingane Eigedom og Kommunalteknikk

Beredskapsvakta vert ikkje rekna som ein del av ordinær arbeidstid, men kompensert med ei godtgjersle i løn. Omregningsfaktor for godtgjersla skal vere 1:5. Satsen pr. veke beredskapsvakt er lik for alle tilsette i same vaktordning uavhengig av årsløn gjennom heile året.

Utrekning av beredskapsgodtgjersla vert sett på grunnlag av snittløna til dei tilsette som skal gå i vaktordninga, der alle si grunnløn vert lagt inn ein felles pott.

Beredskapsgodtgjersla vert rekna ut pr. 01.01. og gjeld fram til 31.12, også om det vert endringar i personell i vaktordninga. Det vert lagt til eit prosenttillegg på 2 % gjeldande frå 01.05. på gjennomsnittsløna som skal kompensere for at berekningsgrunnlaget ikkje vert endra før 01.01.

Følgjande ligg til grunn for utrekning av beredskapsgodtgjersle i einingane Eigedom og Kommunalteknikk:

Timeløn:

Beredskapsgodtgjersla skal utbetalast for 24 timar i døgnet, minus dei timane vedkommande er i arbeid.

For dei som jobbar fulltid: 24 timar – 7,5 timar = 16,5 timar per døgn

Måndag	16,5
Tysdag	16,5
Onsdag	16,5
Torsdag	16,5
Fredag	16,5
Laurdag	24
Søndag	24
Totalt	130,5 timar

FORHOLDSTAL: 130,5 timar: 5 = 26,1 timar per veke.

Kvelds- og nattillegg:

Kvelds- og nattillegget skal utbetalast for beredskapsvakt mellom 17.00-06.00.

Måndag	13
Tysdag	13
Onsdag	13
Torsdag	13
Fredag	13
Laurdag	13
Søndag	13
Totalt	91 timar

FORHOLDSTAL: 91 timar: 5 = 18,2 timar per veke.

Laurdags- og søndagstillegg:

FORHOLDSTAL: For arbeid mellom kl. 00.00 laurdag og kl. 24.00 søndag. Til saman 48 timar.

Forholdstal: 48 timar: 5 = 9,6 timar per veke

Helge- og høgtidstillegg:

For ordinært arbeid mellom 00.00 og 24.00 på helge- og høgtidsdagar, på påskeaften og for arbeid mellom kl. 12 og kl. 24 pinse-, jul- og nyttårsaften vert det betalt eit tillegg på 1 1/3 timeløn per arbeidd time.

Forholdstal:

Tillegg ved helge- og høgtidsdagar er 1 1/3 timeløn per arbeidd time. Ei årsløn på 300 000,- har ei ordinær timeløn på 153,85. Ein kan også ta utgangspunkt i timeløn når ein reknar ut helgedagsgodtgjersle. $153,85 \times 4/3 = 205,13$. Dette er godtgjersle for ein time arbeid på helge- og høgtidsdagar for den tilsett på årsløn på kr. 300 000.

Utrekning av forholdstalet vert som følgjande: $Kr. 300\ 000 / 205,13 = 1462,5$.

Årsløn/1462,5 = helge- og høgtidstillegg når den tilsette jobbar 37,5 timar i veka.

Tillegg jul:

<i>Julaften:</i> Mellom 12.00 og 24.00 = 12 timar: 5 =	2,4
<i>1 juledag:</i> 24:5 =	4,8
<i>2 juledag:</i> 24:5=	4,8

Tillegg nyttår:

<i>Nyttårsaften:</i> 12:5	2,4
<i>1. nyttårsdag:</i> 24:5	4,8

Tillegg påske:

<i>Onsdag før skjærtorsdag:</i> 12:5	2,4
<i>Skjærtorsdag:</i> 24:5	4,8
<i>Langfredag:</i> 24:5:	4,8
<i>Påskeaften:</i> 24:5	4,8
<i>1. påskedag:</i> 24:5	4,8
<i>2. påskedag:</i> 24:5	4,8

Tillegg helge – og høgtidsdagar i mai:

<i>1. mai:</i> 24:5	4,8
<i>17. mai:</i> 24:5	4,8
<i>Kristi Himmelfartsdag</i>	4,8
<i>Pinseaften:</i> 12:5	2,4
<i>1. pinsedag:</i> 24:5	4,8
<i>2. pinsedag:</i> 24:5	4,8

Totalt:	72
----------------	-----------

Forholdstal: 72 timar/ 52 veker = 1,38 timar pr. veke